



Arkivnr: 2014/15615-3

Saksbehandlar: Stig Aasland, Britt Karen Spjeld.

**Saksframlegg****Saksgang**

Utval	Saknr.	Møtedato
Opplærings- og helseutvalet		17.03.2015
Kultur- og ressursutvalet		19.03.2015
Fylkesutvalet		26.03.2015

**Vidareføring av ordninga med opne gymsalar****Samandrag**

Fylkesutvalet løyvde 23.02.12 kr 200 000 til eit prøveprosjekt med utlån av fylkeskommunale gymsalar til idrettslag som driv med aktivitetar retta mot barn og unge. Utlånet skulle ikkje gå utover skulen sine ordinære aktivitetar, verken med tanke på romkapasitet eller budsjett. Midlane skulle nyttast til reinhald og vakthald slik at skulen ikkje fekk meirkostnader. Fordelinga av gratis utlån av gymsalar vart gjort i samråd med Hordaland idrettskrets.

Prøveprosjektet vart gjennomført i skuleåret 2012/13 og vidareført til skuleåret 2013/14. I Fylkesutvalet sitt møte 31.10.2013 vart prosjektet vidareført og utvida ut hausten 2014. I desember 2014 vart det utført ei ny evaluering av tiltaket.

Etter ei evaluering av skular, idrettslag og Hordaland idrettskrets har det kome fram at ordninga har gjeve fleire ungdomsidrettar ein sårt tiltrengt treningsstad. Hordaland idrettskrets og fleire av skulane er særsla nøgd med prosjektet og ønskjer at ordninga blir vidareført, og at den blir utvida til fleire idrettar og fleire skular i fylket for å få ei betre geografisk spreiing.

I notat frå Ungdommens fylkesutval til Opplæringsavdelinga og kultur- og idrettsavdelinga, datert 15.09.2014 (2014/560-113), skriv dei mellom anna at det er stor mangel på treningstid for idrettslag og ber om at posten 400.410 Tilskot til idrettsarbeid som i 2014 fekk tildelt 200 000 kr vert auka slik at fleire skular har moglegheit til å vere disponibele for ungdomsaktivitetar.

**Forslag til innstilling**

1	Arbeidet med opne gymsalar vert vidareført som ei fast ordning.
2	Ordninga med opne gymsalar blir utvida til ei årleg ramme på kr 400 000 og må leggjast inn i budsjettet for 2016.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Svein Leidulf Heggheim  
fylkessjef i opplæring

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*

**Fylkesrådmannen, 10.02.2015**

## Bakgrunn

Prosjektet starta skuleåret 2012/13 og hadde som formål å la lokale idrettslag få tilgang til fylkeskommunale gymsalar på kveldstid dersom skulen ikkje hadde andre aktivitetar. Opplæringsavdelinga og Hordaland idrettskrets hadde synfaring på alle dei vidaregåande skulane med gymsal for å kartlegga om dei var eigna til dette føremålet. Eit vesentleg poeng var at skulen ikkje skulle ha meirutgifter dersom dei var med i prosjektet, og dei fekk såleis økonomisk kompensasjon for vask og vakthald. Midlane blei overført til Hordaland idrettskrets som betalte ut til den einskilde skule.

I løpet av perioden har Garnes vgs, Fana gymnas, Langhaugen vgs, Tanks vgs og Årstad vgs delteke i prosjektet. Det er Idrettsrådet i Bergen som, ut frå behov hos dei ulike idrettslaga, har fordelt treningsstid på dei ulike gymsalane. På fleire skular utanfor Bergen hadde lokalidretten allereie avtalt aktivitetstid i skulane sine gymsalar, eller så hadde skulen ikkje kapasitet. I tillegg var behovet for treningslokale størst i Bergen. Dette er bakgrunnen for at det i prosjektet sine to første år berre har vore med skular i Bergen.

## Perioden 2013/14

I inneverande periode er det Årstad vgs, Langhaugen vgs, Fana gymnas og Garnes vgs som har lånt ut gymsalar på kveldstid. Det er eit variert sett med idrettar som har fått tildelt treningsstid, mellom anna Bergen turnforening, Kråkenes idrettslag, Arna-Bjørnar fotballklubb, Cheerleading og Bergen karate- og kampsportklubb.

## Evaluering

Etter at den første perioden (2012/13) var over vart det i samarbeid med idrettslaga, Bergen idrettsråd, Hordaland idrettskrets og dei aktuelle skulane utført ei evaluering av prosjektet. Her kom det fram at idrettslaga var særsla nøgde med prosjektet, og at dei var glade for å kunne nyta dei opne gymsalane. Prosjektet hadde gjort at fleire born og ungdom hadde kome i aktivitet, og at det såleis var eit viktig tiltak i eit folkehelseperspektiv. Alt i alt var dei ulike partane godt nøgde med prosjektet som har ført til at færre fylkeskommunale gymsalar står tomme på kveldstid.

Hausten 2014 vart det utført ei ny evaluering. Representantar frå idrettslaga, skulane og Idrettsrådet i Bergen kom med tilbakemeldingar om ordninga. Årets evaluering gav like gode tilbakemeldingar. Alle idrettslaga var særsla nøgde med ordninga som har ført til at fleire born og unge får treningsstid i lokalmiljøet. Fleire lag melder om at dei måtte ha avslutta treningsstilbodet for born og ungdom dersom dei ikkje hadde vore med på ordninga. Nokre skular og idrettslag har forbettingspotensiale når det gjeld gode kontrollrutinar og system på nøkkelenlevering og oversikt over kontaktpersonar, men generelt blir det meldt om god kommunikasjon mellom skulane og idrettslaga. Det er ingen tilbakemeldingar om at ordninga går ut over skulen sine eigne aktivitetar.

## Ungdommens fylkesutval

I notat frå Ungdommens fylkesutval til Opplæringsavdelinga og kultur- og idrettsavdelinga, datert 15.09.2014 (2014/560-113), skriv dei mellom anna at det er stor mangel på treningsstid for idrettslag for ungdom og at nokre kommunar ikkje har eigne idrettshallar, og at det derfor er ekstra viktig at gymsalar ikkje står ubrukta etter skuletid. Dei skriv vidare:

*«Ungdommens fylkesutval vil derfor be opplæringsavdelinga og kulturavdelinga om å ta høgde for auka tilskot i budsjett 2015 til skulane slik dei kan halde gymsalar, idrettshallar og øvingslokalar for musikk opne etter kl 16 på kvardagar. Ved gjennomsyn i budsjettet og kommunikasjon med avdelingane ser vi at det er naturleg å be opplæringsavdelinga om å auke rammetilskotet til skulane, øyremerka til å halde opne fasilitetar for ungdomsaktivitetar. Til kulturavdelinga vil vi be om at posten 400.410 Tilskot til idrettsarbeid som i 2014 fekk tildelt 200 000 kr vert auka slik at fleire skular har moglegheit til å vere disponibel for ungdomsaktivitetar.»*

## Vegen vidare

Det er ønskjeleg at tiltaka med opne gymsalar for barn- og ungdomsidretten blir ei permanent ordning. Med ei fast budsjettramme kan barne- og ungdomsidretten i større grad ha ei føreseieleg planlegging av den lokale idretten. Det er god samfunnsøkonomi og viktig folkehelsearbeid i det å nyta tomme gymsalar til fysisk aktivitet for barn og ungdom, og det gjev samstundes deltakarane ei forankring i nærmiljøet og eit sunt fritidstilbod.

Hordaland Idrettskrets har best kjennskap til kva lokallag som treng treningslokale og korleis det er best å arrangera dette. Såleis er det mest tenleg å vidareføra ordninga med at Hordaland Idrettskrets i samarbeid med HFK står for sjølve fordelinga og val av ledige gymsalar. Med ein auke i budsjettet i 2016 vil ordninga kunna bli utvida til andre delar av fylket, og soleis bli ei ordning som hjelper barne- og ungdomsidretten i heile Hordaland.